

Korona smittevernplan

Sonerenn skiskyting 9. og 10 januar 2021

Smittevernplanen er utarbeidd med utgangspunkt i retningslinene frå Buskerud Skiskytterkrets og godkjent av kommuneoverlegen i Ål. Følgjande gjeld for arrangementet:

- Hald minst 1 meter avstand til andre.
- Har du symptom på luftsvogsplager eller andre symptom på korona skal du ikkje møte opp på stadion.
- Sørg for god handhygiene.
- Det er berre utøvarar frå klubbar i Hallingdal som kan delta. Utøvarar ved NTG-Geilo vert definert til å høyre til i Hallingdal.
- Me har vertar i anlegget som de kan spørje om råd om smittevern (dei har gul vest). Dei vil også minne dykk på smittevernreglane slik at alle hugsar på bl.a. å halde avstand.

Det er lov med inntil 200 personar i anlegget på kvar kohort.

Eit sonerenn for Hallingdal er venta å ha 70-100 deltakarar. Det betyr at alle utøvarar kan ha med seg ein vaksen. Arrangementet vert også delt i to kohortar slik at vi ventar maksimalt 100 personar på kvar av dei.

Påmeldingsfristen er 6. januar kl. 23.59.

Startliste vert lagt ut <http://www.aalskiskytterlag.no/> .

Gjeld for laurdag og sundag:

16 år og yngre: Innskyting kl. 10:00, start kl. 10:45.

17 år og eldre: Innskyting kl. 12:30, start kl. 13:15.

Me reknar med at alle er ute av anlegget ca. kl. 15:00.

Parkering

Gratis parkering

Registrering når de kjem til anlegget

Alle skal registrere seg med namn og mobilnummer. Før du får kome inn på stadion; Send sms på mobil 975 64 004 (rennkantoret). Vis fram at meldinga er sendt når de går inn i anlegget. Er de fleire som reiser i lag, er det nok å sende ein sms med namn og nummer på alle.

Startnummer

Posar med startnummer vert hengt opp ved rennkantoret. Utøvar hentar sjølv posen. Det er ikkje naudsynt å gå innom rennkantoret bortsett frå om det er noko er feil med startnummer. Skal de innom rennkantoret, ber me om at det er berre kjem ein om gongen.

Innskyting

Innskyting skjer på den skiva som ein skal ha i rennet.

Det betyr at det er bare er nokre få utøvarar som må dele matte.

NB! Matter skal spritast mellom kvar utøvar

Under rennet

Det er bare nokre få utøvarar som må dele matte, og nå går det ganske lang tid mellom den første og den siste som skal bruke matta (ca 15 min).

Bruk sprit på matta mellom kvar utøvar.

Premieutdeling

Det er ikkje premieutdeling etter rennet.

Me ber alle om å reise frå skianlegget raskast mogleg etter målgang. Resultatliste finn de berre på <http://www.aalskiskytterlag.no/> . Det vert ingen drikke i målområdet.

Varmestugu er stengt for andre enn arrangør.

Toalett

Toalett er sjølvsgatt opne. Det vert vaska før og etter kvar kohort.

Kiosk

Det vil ikkje vera kiosk under sonerennet.

Liatoppen skisenter vil vera stengt for alle andre fram til kl. 15:30.